



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: a3d56511-f3ab-4020-a42e-  
d1c27359f783

Vår: 22/7705 - 22/85256

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

09.11.2022

## Uttale - gbnr 106/93 Fanebust

**Tiltak:** Einebustad  
**Byggjestad:** Gbnr: 106/93  
**Tiltakshavar:** Subsea Independent As  
**Ansvarleg søkjar:** Din Bolig Søknad As

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå krav om at tomte skal byggjast ut med ein einebustad, ettersom det her er ynskje om å etablere to einebustadar. Det er òg søkt om dispensasjon frå regulert byggegrense.

Det er informert om at kvar einebustad har ein storleik på 96 m2 BYA og kvar sin garasje på 30 m2 BYA.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Fanebust terrasse Krossleitet (plan-id 1263-201805) er sett av til byggjeområde for einebustad. Planen vert supplert av kommunedelplan for Lindås.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 30 % BYA.

### Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale vedkomande søknad om dispensasjon frå krav om at tomt skal byggast ut med ein einebustad.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om at tomt skal byggast ut med ein einebustad.

Vi har følgjande merknader til dokumentasjon som gjeld avkøyrslø og skråning i siktsone:

1. Det er ikkje lagt ved lengdesnitt som viser stigningsforhold i avkøyrsla.  
Lengdesnitt gjennom avkøyrsla må leggest ved søknad om avkøyrslø når vi får denne til uttale. Alle høgder og lengder skal være målsett.
2. Lengdesnitt D:  
Alle høgder og lengder er ikkje målsett på snittet. Vi ser at det er planlagt ei høgdeforskjell mellom planert terreng og kommunal veg som utgjør ca. 1,93 meter. Skråning som er tenkt etablert, vil komme i avkøyrsla sin siktsone.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)


Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

I siktsoner skal ein ikkje etablere sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Ber om at nytt lengdesnitt som viser at skråning ikkje tek sikt frå avkøyrsla. Lengdesnitt leverast med søknad om avkøyringsløyve når vi får denne til uttale.

Vi har følgjande merknader til innsendt VA plan:

1. Av VA plan kan det sjå ut som om ein har tenkt å legg inn vatn i framtidige garasjar. Dersom ein legg inn vatn må ein også ha avløpsleidning (vatn inn = vatn ut).

Vi gjer merksam på at det vil tilkomme tilknytingsgebyr for vatn og avløp per bygg.



Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG